



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 13.10.2020  
Vår ref: 19/03120-8  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter mineralloven for Rogdeli pukkverk i Tokke kommune. Tiltakshaver: YIT Norge AS**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG\_NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

### **1. Tildeling av driftskonsesjon**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon datert 28.08.2019 frå YIT Norge AS (organisasjonsnummer 983 065 309). YIT Norge AS med organisasjonsnummer 983 065 309, heretter kalla «tiltakshavar» eller «tiltakshavaren», gis med dette driftskonsesjon etter mineralloven § 43.

Tiltakshavar, gis driftskonsesjon for uttak av mineralske ressursar i Rogdeli pukkverk på del av eigedomen gnr./bnr. 43/1 i Tokke kommune. Mineralførekomsten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 110 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Området er øyremerkt til steinbrot og masseuttak i arealdelen av kommuneplanen og regulert til steinbrot og masseuttak i reguleringsplan for Rogdeli pukkverk, datert 16.11.2017.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

#### **2.2. Økonomisk sikkerheit**



Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 2 010 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein konserngaranti ved at Tiltakshavaren sitt morselskap Peab AS med reg.nr. 5560614330 stiller påkravgaranti for eit beløp på NOK 2 010 000 som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF; sjå vedlegg 2
- (ii) lagt fram ein påkravgaranti frå morselskapet som DMF vurderer som tilfredsstillande, sjå vedlegg 3.

### **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

### **2.4. Andre vilkår**

Den regulerte føremålgrensa for massetaket skal markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Rogdeli pukkverk. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

## **4. Høyring**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Tokke kommune, Statens vegvesen Region sør, grunneigarar i det råka området og på naboeigedomar.

Høringsperioden var frå 15.11.2019 til 13.12.2019.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

#### Statens vegvesen Region sør

Statens vegvesen legg til grunn at krava i reguleringsplanen blir følgt, og har ingen vidare merknadar til planane.

*DMF sin kommentar: DMF tar fråsegna til etterretning.*

## **5. DMF sin vurdering av søknad om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.



Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevast driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekomsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevast konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

#### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhøyrer kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gnr./bnr. 43/1, datert 2. mars 2015, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

#### **5.2 Tiltakets arealmessige status**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 110 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Området er øyremerkt til steinbrot og masseuttak i arealdelen av kommuneplanen og regulert til steinbrot og masseuttak i reguleringsplan for Rogdeli pukkverk, datert 16.11.2017.

#### **5.3 Prosjektets økonomi**

DMF har vurdert årsrekneskapen for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifta som økonomisk skikka.

#### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av



førekomsten innanfor arealet på 110 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 1 500 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 15 000 faste m<sup>3</sup>. Det leggjast opp til drift i to etappar og med to pallhøgder. Utdrivne områder som ikkje er nødvendig i vidare drift, setjast i stand fortløpande. Vidare presenterast plan for sikring og for avslutning. Området for brotet planleggast tilbakeført til LNF-område.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Rogdeli pukkerverk godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstillar dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

#### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

#### **5.6 Søkjaren sin kompetanse for drift av førekomsten**

I vurderinga av om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkjaren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Arild Tveit som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

I tillegg har søkjaren opplyst at desse personane med teknisk og bergfagleg kompetanse arbeider i føretaket:

Sigbjørn Lian, bergingeniør.

Stian Storsveen, fagbrev, BTA-kurs.

Maja Spoja, Mastergrad i gruvedrift.

Kjell Arne Kvammen, fagbrev, BTA-kurs.



Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

### **5.7 Dei miljømessige konsekvensane av utvinning**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. Planskildringa i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.

#### *Vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyringsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte i oktober) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området. DMF reknar kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 for oppfylt. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.

### **5.8 Forholdet til omgivelsene og nærliggende områder under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Tiltakshavar har opplyst om at pukkverket ligger i god avstand frå all busetnad og offentlege vegar. Vestover mot Tokkeåi er uttaksområdet lagt slik at det blir ein rygg ståande igjen som skjerm mot elva. Denne skjermar også mot innsyn. Uttaket skal drivast med ein pallhøgde på inntil 12 m og ein bredde på sikringshyllene på min. 10 m, noko som gjer ein pallvinkel på ca. 51 grader. Området vil være nødvendig sikra med midlertidige gjerder – anleggsgjerder - og skilting mens det pågår drift og når vi planerer og avrunda området. I forbindelse med uttak av masser maskinrenskes dei vertikale flatene som oppstår ved sprenging. Under drifta vil alle stoffene regelmessig bli visuelt kontrollert, og etterrenskes ved behov. Når vi kjem mot uttaksgrensa i nord og vest anlegger vi sikringshyller som vist på vedlagte kart, det settas opp permanente sikringsgjerder i terrenghøgde, 3 m frå kanten på uttaket – for å ha tilkomst til vedlikehald av gjerdet frå begge sider.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.9. Kva tiltaket vil ha å seie for verdiskaping og næringsutvikling**



Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Ifølge tiltakshavar kan varer frå dette pukkverket nyttast til alle typar entreprenørarbeider og som betongtilslag, i tillegg kan den nyttast som nokon typar asfalttilslag.

#### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Tiltakshavar har opplyst om at det setjast opp 2 meter høge permanente sikringsgjerder, 3 m frå kanten på uttaket – for å ha tilkomst til vedlikehald av gjerdet frå begge sider. På sikringshyllene legger vi avdekningsmasser som underlag for lokal revegetering. All produksjon vil gå føre seg med mobile utrustning. Derfor er det ikkje større installasjonar som må fjernast. Det eksisterande teltet for lagring av strøvarer vil bli fjerna, og all forureining fjernes, inkl. den asfalterte botnen under teltet. Gjerdet rundt uttaket vil bli forlenga slik at det er gjerde der drifta har laga ein bratt kant som er 1 m eller høgare. I botnen av uttaket blir det lagt på lagra avdekningsmasser og evt. usolgte «0-varer» - varer som inneholder mykje finstoff. Skogsbilvegen og tilkomsten til resten av området vil bli beholdt slik at grunneigar og andre brukara av området som har løyve kan komme til. Bommen som stenger skogsbilvegen rett etter at den tar av frå E134 blir ståande, og nøklar overleverast grunneigar. Tilkomstvegen frå vest over Tokkeåi er avstengt, og kan bare nyttast etter avtale med grunneigar. Når området er klargjort for revegetering tilbakeføres det til LNF område (skogsdrift).

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

#### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavar foreslår at det skal stillast ein konserngaranti på NOK 1 454 000.

##### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 2 010 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

##### **5.11.2. Form for sikkerheit**

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.



Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved konserngaranti.

Innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, skal Tiltakshavar stille ein konserngaranti som ein påkravsgaranti, som DMF finner tilfredsstillande, for eit beløp stort NOK 2 010 000.

DMF kan fremje krav i høve til konserngarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått har DMF rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren.

#### **5.11.3. Rapportering og dokumentasjon**

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Dersom driftsperioden er lengre enn 5 år, skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

#### **5.11.4. Justering av sikkerheita**

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

Dersom det blir endringar i krava til sikkerheit pliktar Tiltakshavaren å stille med ny påkravsgaranti og/eller signere en pantsettingserklæring som skal sendast banken, og inngå ein ny avtale om finansiell sikkerheit dersom denne skal bestå av anna enn bankgaranti aleine.

## **6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld**

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.



Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## **7. Plikter for tiltakshavaren**

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### **Meldeplikt ved oppstart og stans av drift**

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### **Drifta skal utførast med varsemd**

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### **Forsvarleg sikring og opprydding**

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### **Ansvarlet til bergteknisk ansvarleg**

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### **Rapportering**

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no). Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## **8. Rett til å klage**





Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

Vennlig hilsen

Unni Garberg  
seksjonssjef

Stine Lunheim  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*

Saksbehandler: Stine Lunheim

Mottakere:

YIT Norge AS	Postboks 6704 Etterstad	0609 OSLO
--------------	-------------------------	-----------

Kopi til:

Bjørn Jørgen Groven	Dalsvegen 235	3890 VINJE
Reidar Olsbergsveen	Dalsvegen 242	3890 VINJE
Kristian Versto	Dalsvegen 287	3890 VINJE
Stig Ronny Tveiten	Dalsvegen 291	3890 VINJE
Sylvia Engedal	Gamleveg 10	3880 DALEN
Torunn Nakken Nordheim	Gjersjøveien 35	1415 OPPEGÅRD
Britt Andersson	Høydalsmovegen 2238	3890 VINJE
Åsmund Groven	Konvallveien 6	3612 KONGSBERG
Renovest IKS	Ordalsvegen 63	3850 KVITSEID
Carl Diderik Cappelen	Postboks 116	3831 ULEFOSS
Aslak Loose	Rollandslia 130	5115 ULSET
Tokke kommune	Storvegen 60	3880 DALEN
Stein Versto	Vinjevegen 15	3890 VINJE
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890 VINJE
Bjønn Tveito	Vinjevegen 326	3890 VINJE
Thomas Kleiv Øygarden	Øvre Drotning 11	3890 VINJE
Statens vegvesen Region sør	Postboks 723 Stoa	4808 ARENDAL